

Avdeling for rusmiddel og tobakk ved Folkehelseinstituttet skal på oppdrag frå Helse og Omsorgsdepartementet gjennomføre ESPAD-undersøkinga i Norge (The European School Survey Project on Alcohol and Other Drugs). Dette er den største undersøkinga om bruk av rusmiddel blant skuleelevar i Europa. Våren 2019 vil ca. 40 land og over 100 000 elevar på 10.-trinn delta. Undersøkinga blir gjort kvart fjerde år (tidlegare år er 1995, 1999, 2004, 2007, 2011 og 2015). Dette er sjuande gong undersøkinga blir gjennomført, og om lag 5000 norske tiandeklassar er inviterte til å delta.

### ESPAD 2019

Føremålet med undersøkinga er å skaffe data som kan samanliknast på tvers av landegrensene. Alle land brukar det same spørreskjemaet. Undersøkinga gir ei unik mogelegheit til å samanlikne rusmiddelvanane blant 15-16 åringar i Noreg med ungdom i andre land, og til å kartlegge utviklinga i rusmiddelbruken blant norsk ungdom. Undersøkinga gir såleis viktig informasjon for førebyggjande tiltak.

ESPAD-undersøkinga skil seg frå UNGDATA-undersøkinga ved at ESPAD er ei internasjonal undersøking som har hovudfokus på bruk av rusmiddel i eit representativt utval av tiandeklassar i Noreg.

I Noreg er det Folkehelseinstituttet (FHI) og då avdeling for rusmiddel og tobakk som er fagleg ansvarleg for undersøkinga, medan TNS Gallup står for den praktiske gjennomføringa.

Undersøkinga går føre seg i perioden mellom veke 6 og veke 15.

Resultata for Noreg vil bli publisert hausten 2019, og ein eigen norsk rapport vil kunne lastast ned gratis frå [www.fhi.no](http://www.fhi.no) Rapporten vil ikkje innehalde resultat om den enkelte skulen. Skulane som deltek kan og få tilsendt ein Power-Point-presentasjon med resultata, slik at dette kan nyttast i undervising o.l. I tillegg vil det i 2020 bli laga ein internasjonal rapport med samanlikning av resultatata frå alle land som deltek (kan lastast ned gratis frå [www.espad.org](http://www.espad.org)).

### Korleis går undersøkinga føre seg?

Det er trekt ut eit tilfeldig og representativt utval av i underkant av 300 skular frå heile Noreg, kor elevar frå tiande klasse skal delta. Til saman er det ca. 5000 elevar i Noreg som blir bedne om å delta. Skulane er tilfeldig trekt ut på grunnlag av Grunnskulens informasjonssystem (GSI) og kan ikkje erstattast. Det er derfor svært viktig at skular som er trekt ut deltek.

Undersøkinga på ungdomstrinnet er anonym og går føre seg ved at elevane i skuletida svarar på eit nettbasert spørreskjema. Det tek cirka éin skuletime for elevane å svare på spørsmåla. For å delta loggar elevane seg på eit nettskjema. Alle svar vil bli behandla strengt fortruleg av forskarar ved FHI og medarbeidarar i TNS Gallup, som legg til rette for den elektroniske undersøkinga.

Elevane blir i forkant informert om at det er frivillig å delta, at dei kan hoppe over enkeltspørsmål og at dei kan trekke seg undervegs.

### Kva blir elevane spurde om?

Spørsmåla dreiar seg i hovudsak om bruk av sigarettar, snus, alkohol og andre rusmiddel. I tillegg er det spørsmål om fritid og familieforhold. Dei som ønsker å sjå heile spørreskjemaet kan kontakte prosjektleiar.

Om du har ytterlegare spørsmål, send ein e-post til prosjektleiar: [elin.bye@fhi.no](mailto:elin.bye@fhi.no)  
Detaljert informasjon om prosjektet er tilgjengeleg på [www.espad.org](http://www.espad.org) og [www.fhi.no](http://www.fhi.no)